

Odda Nyhetsblad, 06.01.1927:

Jol i Uskedalen

Det lukkast meg iaar, som ikke alltid elles aa faa høgtida joli heime i Uskedalen, og daa Odda Nyhetsblad no vert lese av fleire derute, har eg funne det ynskjeleg aa skriva nokre linor om kva inntrykk eg reiste attende til Odda med fra jolehøgtidi i Uskedal.

Joledagen var det svært fint ver, men ikkje eit menneskje var aa sjaa i vegjerne nokon stad. Det var som svartedauden eller ein annan slags pest skulde ha herja dalen og lagt til jordi alt det liv der fanst; ikkje røyk fraa ein skorstein var aa sjaa eingong. Heldigvis var det daa ikkje for skuld nokon pest denne stillheiti fyrste joledag; det var daa heller fordi at der var fest i bygdi (jolefest), og naar so lite av røyk var aa sjaa fraa skorsteinane, hadde det si løysing i, at elektrisiteten der som mange andre stader, har erobra folks heim og forstand so mykje. Elles er det no, som ein veit, ein gamal sed og skikk paa bygdene dette, at ein skal halda seg heime og stille kvar hja seg.

Andredag jol gav eit anna bilete av høgtidi. Det var daa preik i kyrkja, og naar det leid burtimot kyrkjetid, og kyrkjeklokka byrja ljoma og lokka, var det som ein skulde ha sparka burti ei maurtuva: folki kom krjupande fram fraa kvar sitt hi og tun, so det straks blei eit mylder med folk i vegen som det skulde vore den mest beferda gata i ein storby. Ærleg sagt er no ikkje eg nokon sers kyrkje og presteven; men so nær kyrkja me bur (omtrent 300 meter), so tenkte eg, at eg fekk no stavra meg til kyrkja idag. Det kune no vera interessant aa faa høyra den nye presten (prost Weibust), tenkte eg, og so kunde eg no her faa det beste høve til aa helsa paa gamle kjenningar og takka for sist.

Det var stoppfullt av folk i kyrkja, og alt gjekk sers høgtidssamt og stillegt for seg. Det nye ritualet er ogso innført her, og det blei baade av prest, klokkar, orgel og meinigheit framført paa ein maate som eg fann at det kom til sin fulle rett. Prosten er vistnok landsmaalsmannmen bruka sitt eige for seg mest naturlege maalføre frå preikestolen. Men anten han no tala landsmaal eller sitt eige, der ligg nærmare til det ein kallar riksmaal, so meistrar han baae deler paa ein so sjelden naturleg og fin maate, at det er ei lyst aa høyra han. Det som hjelper til her er vel og at han har eit sers godt og behagelegt organ aa tala med. Eg fekk i det store og heile det beste inn trykk av hr. Weibust som prest.

Det lydest ogso med, kven eg tala med i bygdi, at dei er sers fullnøgde med presten sin. Det er ei frk. Mathisen fra Omvikdalen som tidlegare i fleire aar har spelt orge i Rosendalskyrkja, som no spelar orgelet i Uskedalskyrkja. Eg meiner at dei ogso er sers hepne meddi dei har faatt henne for orgelet. Med det skyn eg har paa musikk, fann eg at ho ikkje berre maatte ha ein lang praksis, men at ho ogso maa ha ei ikkje liti gaava for musikk. Ho behandla tangentane paa ein so stød, naturleg og livande maate, at det er langt ifraa vanleg aa høyra so god orgelmusikk i ei landskyrkja.

Det som ikkje mindre bidrog sitt til aa gjera høgmesse so høgtidsfull som ho var, var dei songnummer der vart avslutta med Uskedals songkor (blandakor) styrt av læraren i Hauglands krins, hr. Andreas Haugland. Det undra meg mykje, at eit kor som ikkje er meir enn 2 aar gamalt kunde vera kome so langt. Hr. Haugland maa etter dette aa døma vera ein

sers dugande songinstruktør. Men for eit vakje øyra var det lett aa merkja, at han her raadde yver fleire svært gode røyster, særleg paa mannfolksida.

So nokre ord um festane eg fekk vera med paa.

Joeldagskvelden hadde losjen og avhaldslaget kombinert fest i skulehuset, der J. Sandvik heldt foredrag med høve til orfskifte. Her kom eg ikkje til aa vera med, mest fordi eg var redd for at ein under ordskiftet kunde koma inn paa forbodssaki, og eg daa kun de bli freista til aa segja eikvart som kunde koma til aa bringa misstemning inn i festen, og det vilde eg nødig. Det bør alltid vera god stemnig paa ein fest. Difor meiner eg og at ein diskusjon ikkje høyrer heime der.

Den kvelden sat eg og sturde mst paa kvar eg kunde gaa stad og snikja meg til eit glas heimebryggja øl ellerv eitkvart som kunde riva i halsen litt meir; eg var so forkjølt. og sjølv hadde eg ikkje noko til aa vøla meg med. Men der blei ingen ting aa hala den kvelden, eg fekk lita meg med ein sterk kopp kaffi og so gaa til køys med det.

Annandagskveld var det fest i skulehuset for skuleborni. Der var samla ca. 80 born med foreldre og like mange vaksne ungdomar og andre. Der var somen tilstades fleire oldeforeldre til dei born som her gjekk rundt joletreet, og eg meiner ikkje aa rekna feil naar eg segjer, at der var til stades eit par tipoldefarar, nemleg brørne Bertel B. Myklebust og Peder B. Myklebust. Det som for meg gjorde denne feststundi, eg kan segja til einn sjelden upplevelse, som eg seint gløymer var dette aa faa sjaa ein saa stor samling av born og eldre tilstades paa ein stad til barnsleg fest og gleda i song um joletreet. Det var ei sers hugnadsam feststund fraa fyrst til sist. - Borni oppførde seg uvanleg roleg og pynteleg i alla maatar, og skulde daa dette vitna um, at dei er under god age baade i sine heimar og paa skulen.

Tredjedagskvelden hadde ungdomslaget fest i ungdomslokalet. Festen her byrja med framsyning av eit skodespel, «Kjærlee ektepar». Framsynigi av dette spelstykket var so naturleg og livfullt, at feststemningen kom upp over det heile med ein gong, og fagningi var daa ogsoo nær endelaus naar teppet gjekk ned etter siste vendingi. Lærar Omvik fraa Bergen heldt so eit livfullt skildrande foredrag um diktaren Jens Tvedt og dei ymse bøker han har skrive. So kom kaffien og maten og i fylgje med den slabberasen um alt likt og ulikt, ettersom interesserne laag an. Festen vart so som vanleg avslutta med ein svingom. - Ja, med berre ein vart det nok ikkje, det vart vel nærmare tjuge. Men kor det no so var, og kor mange klokka var naar det var den siste gjekk, kan eg vera eit livande vitne paa, at lat gjekk sømeleg for seg fraa fyrst til sist. Det var i sanning ei hyggeleg feststund, og visst ingen hyggde seg meir enn meg.

A.B.

*Note: Avskrive av Olaf Agnar Gausvik 2022*